

Innhold

Innleiing	1
Web of science	12
Scopus.....	27
Tabell 1 Utvald litteratur etter gjennomgang av abstract.....	1
Tabell 2 Oversyn artiklar og bokkapittel som gav treff på "sustainable circular economy" i Web of Science.....	12
Tabell 3 Oversyn artiklar og bokkapittel som gav treff på "sustainable circular economy" i Scopus...	28
Figur 1 Søkestreng Web of Science.	12
Figur 2 Dokumentasjon av søkestreng Scopus.....	27
Figur 3 tal treff i Scopus etter år.....	28

Innleiing

Dette notatet er eit tillegg til metodedelene i artikkelen «Frå sirkulær økonomi til nyskapinga berekraftig sirkulær økonomi for å redusere ressursuttak, klima- og miljøutslepp» for å vise i detalj korleis vi har kome fram til utvald litteratur.

Vi har søkt i databasane Web of Science og Scopus, og funne til saman 228 unike artiklar eller bokkapittel som har med «sustainable circular economy» i tittel, abstract og nøkkelord. Vi har lest alle abstracta og funne at 20 av desse var relevant i høve utvalskriterium som var at fortolkinga av berekraftig sirkulær økonomi blei fortolka ulikt enn omgrepet sirkulær økonomi, og dei ga eit innhald til berekraftig sirkulær økonomi. Vi har gått gjennom desse 20 artiklane og bokkapitla i djupna, og identifisert i denne gjennomgangen ytterlegare 2 bidrag som ikkje hadde relevans desse er merka i gult i tabell 2. Utvalet vårt består dermed av 18 artiklar og bokkapittel som vi analyserer i artikkelen. Tabell 1 gir ei grundig vurdering av kvar av dei 18 artiklane med gjengiving av hovudargument og relasjon til teoriar om berekraft, dette er meir utfyllande informasjon enn i sjølve artikkelen som har ein kortare versjon av denne.

Tabell 1 Kvalitativ vurdering av alle bidrag opp i mot teoriar om berekraft

Forfatar(ar) og tittel	Hovudargument	Relasjon til teoriar om berekraft
Velenturf, A. P., & Jopson, J. S. (2019). Making the business case for resource recovery. <i>Science of the Total Environment</i> , 648, 1031-1041.	<p>Artikkelen stiller seg kritisk til vekst i tradisjonell forstand, med stadig uttak av ressursar, og peiker på at det trengst eit nytt paradigme for å ta vare på materiale og produkt. Den peiker på ein samanheng mellom ressursuttak, naturkrise og klimakrise gjennom å understreke kor viktige økosystemtenester er.</p> <p>Artikkelen tilrår å utvide fokus frå resirkulering og å forstå ressursuttak i systemisk perspektiv gjennom:</p> <p>1) Å utfordre økonomisk vekst målt i BNP til også til å inkludere miljømessige og sosiale dimensjonar som overordna mål for samfunnet.</p> <p>2) Å peike på behovet for ein ny politikk som gjer sirkulær økonomi lønsam og at det må vere ein tverrsektor-tankegong, sidan sirkulær økonomi ikkje kan avgrensast til ein sektor. I tillegg peiker</p>	<p>Artikkelen plasserer seg i nær smoltringøkonomien, og byggjer på "trygt og rettferd rom for menneske", ved at ein på den eine sida skal vere innafor planetens grenser og på den andre sida ha sosial rettferd og tryggleik – til dømes mattryggleik, arbeid og ytringsfridom.</p> <p>Samtidig er kritikken av vekst sterkare enn i smoltringøkonomien; artikkelen peiker på at ein kan sjå døme i visse land på frikopling mellom ressursbruk og økonomisk vekst, men at det blir motverka av ein auke i samla vekst og at produksjon av varer er flytta til andre land. Rebound-effektar er også sentrale: Om økonomiske innsparingar</p>

Dokumentasjonsnotat for utval av litteratur til artikkelen «Frå sirkulær økonomi til nyskapinga berekraftig sirkulær økonomi for å redusere ressursuttak, klima- og miljøutslepp» skriven av Hans Jakob Walnum, Vestlandsforskning.

	<p>artikkelen på lovendingar og investeringar frå myndigheiter for å stimulere til sirkulær økonomi. 3) Å understreke at for verksemder og industri handlar det om å avgrense materialstraumar med alternative forretningsmodellar som reduserer materialforbruk ved å forlenge produktets levetid gjennom betre design, nye ansvars- og eigarskapsmodellar og reparasjon.</p>	<p>leier til økonomisk reinvestering frå produsentar eller forbrukarar inn i naturressursutvinning, vil det motverke og undergrave positive verknader. Dette gjer at bidraget kan seiast å vere sterkt inspirert av motvekstposisjonen.</p>
<p>Haupt, M., & Hellweg, S. (2019). Measuring the environmental sustainability of a circular economy. <i>Environmental and Sustainability Indicators</i>, 1, 100005.</p>	<p>Artikkelen er oppteiken av å utvide perspektivet frå sirkularitet til å omfatte samla påverknad på miljøet; det er ikkje nødvendigvis slik at sirkularitet inneber miljømessig berekraft. For eksempel kan energibehovet for resirkulering auke drastisk ved svært høge gjenvinningsgrader og kan vege opp for redusert miljøpåverknad. Bruken av ulike ressursar har også ulik miljøpåverknad og endringar i forbruksmønster kan føre til høgare eller lågare samla påverknad, avhengig av materialskiftet. Difor er miljøindikatorar og -mål nødvendige for å sikre at økonomien ikkje berre bli sirkulær, men også berekraftig.</p> <p>Artikkelen føreslår å ta i bruk i bruk indikatoren «Retained Environmental Value (REV)» eller gjenværande materialkvalitet. Ein REV på 0 % betyr at det ikkje er att nokon netto miljøverdi i produktet, medan 100 % betyr at den fulle opphavlege materialverdien er tilgjengeleg for vidare bruk, dvs. jo høgare REV, jo betre. Den moglege rekkevidda for REV avheng av bruken. For samanlikningar av gjenbruk i lukka sløyfe, altså reproduksjons- og resirkuleringsprosessar, kan ein oppnå verdiar på opptil 100 %. REV-indikatoren kan ta opp spørsmål gjennom hele livssyklusen frå designnivået til slutten av produktet si levetid. Det er også mogleg å utvide indikatoren til å ta føre seg både økonomiske og sosiale aspekt.</p>	<p>Artikkelen utfordrar ikkje eksplisitt økologisk modernisering, men finn ei praktisk løysning for korleis berekraft kan målast når det gjeld sirkulær økonomi. Somme kritiske perspektiv peiker i retning av element frå posisjonane smoltringøkonomien og motvekst, ved å ta opp forskyving av miljøproblem og utfordringar med energibruk knytt til gjenvinning.</p>
<p>Velenturf, A. P., Archer, S. A., Gomes, H. I., Christgen, B., Lag-Brotons, A. J., & Purnell, P. (2019). Circular economy and the matter of integrated resources. <i>Science of the Total Environment</i>, 689, 963-969.</p>	<p>Implementeringa av ein sirkulær økonomi møter biofysiske avgrensingar av sirkularitet som høgt energibehov for ressursutvinning og tap av ressurskvalitet. Både produksjon-forbruk-system og biofysiske miljø dannar kontekstspesifikke forhold som kan variere mellom ulike deler av verda og handlingar for å implementere sirkulær økonomi må skreddarsyast til lokale forhold, men optimalisert ut ifrå eit systemperspektiv.</p> <p>Det er designet som avgjer 80 % av miljøpåverknaden. Ein barriere for å realisere sirkulære praksisar er den avgrensa koordineringa og politikintegrasjonen mellom offentlege myndigheiter etter fagområde og deira retningslinjer.</p>	<p>Gjev ein kritikk av dagens forståing av sirkulær økonomi, og plasserer seg opp mot motvekstposisjonen i forståing av verda.</p>
<p>Nilsen, H. R. (2020). The hierarchy of resource use for a sustainable circular economy. <i>International Journal of Social Economics</i>, 47(1), 27-40.</p>	<p>Forfattern ser på sirkulær økonomi med tanke på avfallshierarkiet og peiker på at sirkulær økonomi ikkje nødvendigvis er berekraftig. Nokre identifiserte fallgruver inkluderer det faktum at gjenbruk eller resirkulering krev ekstra energi, bruk av fossilt brensel i desse prosessane og meir arealbruk. Vidare at økologisk berekraft er eit premiss for ei rettferdig og trygg sosial og økonomisk berekraft, noko som</p>	<p>Kan koplast til både smultringsøkonomi og motvekst fordi forfattern vil ha en nedgang i råvareuttak. Forståing av berekraft plasserer den miljømessige dimensjonen som overordna dei andre dimensjonane i omgrepet berekraft.</p>

Dokumentasjonsnotat for utval av litteratur til artikkelen «Frå sirkulær økonomi til nyskapinga berekraftig sirkulær økonomi for å redusere ressursuttak, klima- og miljøutslepp» skriven av Hans Jakob Walnum, Vestlandsforskning.

	<p>inneber at visse delar av naturen ikkje kan erstattast av annan naturleg kapital eller av menneskeskapt kapital.</p> <p>Artikkelen peiker på at reduksjon i råvareuttak ikkje har vore tilstrekkeleg adressert eller praktisert i framveksande og noverande sirkulærøkonomisk tenking, og difor oppfordrar ho til meir forskning som viser korleis vi må endre ulike system, sosiale praksisar og forretningsmodellar. Ein sirkulær økonomi som ikkje avgrensar utvinning av råvarer er ikkje berekraftig fordi det vil auke uttømminga av både fornybare og ikkje-fornybare ressursar.</p>	
<p>Momete, D. C. (2020). A unified framework for assessing the readiness of European Union economies to migrate to a circular modelling. <i>Science of the Total Environment</i>, 718, 137375.</p>	<p>Artikkelen utviklar Index of National Circularity (INC) basert på tilgjengeleg statistikk og eit konseptuelt rammeverk, basert på dei tre pilarane for berekraftig utvikling – økonomisk, sosialt og miljømessig – uttrykt ved investeringar og øko-effektivitet, sysselsetting og innovasjon, avfall og materialbruk (relevante og tilgjengelege faktorar for sirkulær økonomi). Målet med artikkelen er difor å vurdere om medlemslanda i Den europeiske union (EU) er budde på å gå over til sirkulær økonomi for å kunne nå berekraftsmåla.</p> <p>Alle medlemslanda i EU har ein lang veg å gå mot sirkularitet. Konstruksjonen av INC-indeksen tek inn økonomiske, sosiale og miljømessige aspekt som er uttrykte ved eksplisitte, kvantifiserbare faktorar.</p> <p>Samfunnet må endrast for å vere i tråd med berekraftig sirkulær økonomi med nye sirkulære forsyningskjedekrav prega av nytt design med verdibevaring og verdiskaping, ny finansiering, ny risikovurdering og ny marknadsføring/sal.</p> <p>Meir bør gjerast på området sirkulær økonomi, særleg innafor politiske tiltak/verkemiddel og statleg/europeisk involvering for å auke sirkulariteten.</p>	<p>Forfattaren peiker på implementeringsgapet, og plasserer si eiga forståing av berekraft i relasjon til dei tre pilarane for berekraft. Det er ikkje ein eksplisitt systemkritikk i artikkelen, og artikkelen kan seiast å vere mest i tråd med økologisk modernisering.</p>
<p>Maitre-Ekern, E. (2021). Re-thinking producer responsibility for a sustainable circular economy from extended producer responsibility to pre-market producer responsibility. <i>Journal of Cleaner Production</i>, 286, 125454.</p>	<p>Overgangen til ein berekraftig sirkulær økonomi krev at ein går vekk frå lineære produksjonsprosessar og bruk og kast-mentalitet. Avfall skal førebyggast og forbruket av nye produkt skal reduserast. Spesielt inneber dette å forlenge produkta si levetid gjennom vedlikehald, reparasjon og gjenbruk.</p> <p>Målet om å behalde produktas primærverdi har i lang tid vore knytt til avfallsførebygging, som er hovudprioritet i avfallshierarkiet slik det er nedfelt i EUs rammedirektiv for avfall, 2008/98/EF.</p> <p>Avfallslovgjevinga er ikkje godt eigna til å ta opp desse spørsmåla. Incentiva gitt av ordningane med utvida produsentansvar (EPR) er avgrensa med tanke på å fremme oppstraums designendringar.</p> <p>Maitre-Ekern føreslår eit «før marknad-produsentansvar» for å sikre at produsentar ikkje seljer produkt som har kort levetid og ikkje kan</p>	<p>Tar utgangspunkt i smoltringøkonomien, men artikkelen er ikkje oppteken av å definere konsept. Målet er å vise korleis ein kan få til eit «før marknad»-produsentansvar for å stimulere til berekraftig sirkulærøkonomi.</p>

Dokumentasjonsnotat for utval av litteratur til artikkelen «Frå sirkulær økonomi til nyskapinga berekraftig sirkulær økonomi for å redusere ressursuttak, klima- og miljøutslepp» skriven av Hans Jakob Walnum, Vestlandsforskning.

	<p>reparerast eller sendast til resirkulering framfor gjenbruk. I staden må produsentane ta vare på det dei legg ut på marknaden og støtte reparasjons- og gjenbruksaktivitetar. Sjølv om tiltaka i «før marknad-produsentansvar» utan tvil vil innehalde krav til økodesign for å sikre at produkt varer lenge og kan reparerast, er tanken at tiltaka ikkje skal avgrensast til dette, men også omfatte t.d. informasjonskrav og returordningar for reparasjon og gjenbruk.</p>	
<p>Thakker, V., & Bakshi, B. R. (2021). Toward sustainable circular economies: A computational framework for assessment and design. <i>Journal of Cleaner Production</i>, 295, 126353.</p>	<p>For å oppnå ein berekraftig sirkulær økonomi er det eit behov for heilskapleg vurdering og design av heile verdikjeder knytt til produktet samtidig som ein vurderer ulike alternativ som kan vere tilgjengelege på kvart trinn av det sirkulære nettverket.</p> <p>Forfatarane lager eit berekningsverktøy for å vurdere miljømessige, økonomiske og sosiale implikasjonar av ulike verdikjeder.</p> <p>Dette verktøyet kombinerer den kvantitative tilnærminga til livssyklusvurdering med optimaliseringsbaserte nettverksanalyser. Livssyklusnettverk er modifiserte for å innehalde fleire alternativ langs verdikjeda og tillate sirkulære straumar mellom modular.</p> <p>Ein berekraftig sirkulær økonomi av varer eller tenester kan berre etablerast ved å integrere heile livsløpet, inkludert utvinning, produksjon, bruk, logistikk og livets slutt. Denne integrasjonen krev gjensidig avhengigheit av avgjerder langs alle deler av verdikjeda.</p>	<p>Artikkelen set fram grunnleggjande kritikk av dagens forståing av berekraft og etablerer eit omfattande rammeverk for å måle framgang mot berekraftig sirkulærøkonomi. Rammeverket kan seiast å vere i tråd med smoltringøkonomien, sidan det inneheld både miljømessige aspekt og sosiale vurderingar, utan at desse teoriane blir nemnde eksplisitt.</p>
<p>Velenturf, A. P., & Purnell, P. (2021). Principles for a sustainable circular economy. <i>Sustainable Production and Consumption</i>, 27, 1437-1457.</p>	<p>Sirkulær økonomi er ikkje i seg sjølv ein garanti for eit positivt berekraftsbidrag. Nye sirkulære løysningar kan flytte problem i verdikjeda og kan potensielt bidra til å auke: (1) uttak av ressursar, (2) miljøbelastning og (3) økonomiske kostnader. Ei vellukka endring til sirkulærøkonomi krev at tiltak på mikronivå (for einskilde produkt firma eller industriar) og makronivå (samfunnsnivå) heng saman.</p> <p>For at sirkulær økonomi skal lukkast, må den forståast i samanheng med berekraft i eit systemperspektiv. Dette gjer det nødvendig å transformere den sirkulære økonomien, utvide omfanget frå lukka krins-resirkulering og kortsiktige økonomiske gevinstar, mot ein transformert økonomi som organiserer tilgang til ressursar for å oppretthalde eller forbetre samfunnet med tanke på trivsel og miljøkvalitet.</p>	<p>Artikkelen er kritisk til økologisk modernisering og kan plasserast i både i høve smoltringøkonomien fordi den inneber mål om endring, og motvekst, med si vekstkritiske forståing.</p>
<p>van der Velden, M. (2021). 'Fixing the World One Thing at a Time': Community repair and a sustainable circular economy. <i>Journal of cleaner production</i>, 304, 127151.</p>	<p>Artikkelen tek utgangspunkt i at i ein berekraftig sirkulær økonomi bør produktet si haldbarheit spele ei sentral rolle og utvide det noverande fokuset på effektiviteten til materialstraumar. Haldbarheit forlenger produktet si levetid og aukar sjansen for at produktet vil bli reparert ved behov.</p> <p>Forsking viser at levetida på elektronikk krympar: tida frå eit elektronikkprodukt kjem på marknaden til det når salstoppen, blir kortare, noko som resulterer</p>	<p>Artikkelen er ein kritikk av dagens fungerande praksisar for handteringa av elektronisk og elektrisk avfall, peiker på at hovudutfordringa ligg i låg levetid for produkta. Artikkelen tenderer mot både smoltringøkonomi og motvekst ved å peike på korleis dei sosiale relasjonane ved reparasjonskafear utfordrar bruk og kast-mentalitet og</p>

Dokumentasjonsnotat for utval av litteratur til artikkelen «Frå sirkulær økonomi til nyskapinga berekraftig sirkulær økonomi for å redusere ressursuttak, klima- og miljøutslepp» skriven av Hans Jakob Walnum, Vestlandsforskning.

	<p>i rask utskifting av produkt. Dette forsterkar den allereie korte levetida til dei fleste produkta. Store berekraftsgevinstar kan difor oppnåast ved å forlenge levetida til ei forbruksvare, som mobiltelefonar, berbare datamaskinar, vaskemaskiner, osb.</p> <p>van Der Velden avvender ei tilnærming bygd på kritisk systemtenking, der sosioøkonomisk medvit og sosial endring er sentrale premiss, fokus er på systemkomponentar, deira relasjonar innanfor systemet, og systemet sine grenser.</p> <p>Reparasjon kan bidra til materialeffektivitet, men produkta er ofte ikkje haldbare nok til langvarig bruk og ikkje reparerbare nok til å bli fiksa etter at dei har slutta å verke. I motsetnad til for avfall er det ikkje obligatoriske standardar for haldbarheit og reparerbarheit, og heller ikkje mål for reparasjon. Fellesreparasjon tilbyr folk ein ny måte å delta i ein sirkulær økonomi som innbyggjarar, naboar og frivillige reparatørar, dei er i stand til å realisere sin «rett til å reparere» i eit lokalt, sosialt og ikkje-kommersielt miljø. I denne settinga oppstår nye forståingar av utforming av produkt, og deira haldbarheit og reparerbarheit.</p>	<p>bidreg til betre ivaretaking av ressursar.</p>
<p>Velenturf, A. P. (2021). A framework and baseline for the integration of a sustainable circular economy in offshore wind. <i>Energies</i>, 14(17), 5540.</p>	<p>Mange av utfordringane er relaterte til sirkulærøkonomi, som auka ressursutnytting og konkurrans og underutvikla sluttbruksløyser for utrangerte komponentar og materiale. Likevel er den sirkulære økonomien framleis ikkje vanleg og systematisk brukt på havvind. Sirkulær økonomi inneber ein heilskapleg systemtilnærming som tar sikte på å utnytte produkta, komponentar og materiale på ein optimal måte i fleire livssyklusar.</p> <p>Artikkelen tek føre seg korleis ein kan mogleggjere integrering av en berekraftig sirkulær økonomi i design, utvikling, drift og sluttstyring av vindinfrastruktur til havs.</p> <p>Mens det er einigheit om at 80–90 % av materiala (av vekt) i ein turbin i teorien kan resirkulerast, er det få empiriske bevis på at dette faktisk skjer.</p> <p>Videre er resirkulering relativt lågt plassert i hierarkiet av sirkulærøkonomiske strategiar, fordi (a) andre strategiar (som reparasjon og gjenbruk) generelt har eit større berekraftspotensial, og (b) resirkulering kan vere energikrevjande samtidig som det er forbunde med tap i materialkvalitet og volum som då må erstattast i påfølgjande produksjonssyklusar.</p> <p>Dei største bekymringa er knytt til resirkulering av vinnemølle-blad på grunn av mangel på kommersielt tilgjengelege berekraftsløyser for å gjenvinne kompositta blada er laget av.</p>	<p>Tek føre seg manglande sirkulærøkonomisk tankegang rundt ein av dei viktigaste framtidsteknologiane med tanke på berekraft, vindmøller til havs. Går kritisk gjennom alle livsløpsfasar og adresserer manglar knytt til sirkulærøkonomiske praksisar, er kritisk til dagens praksisar. Bidraget kan plasserast under alle tre berekraftsteoriane, men eit kritisk perspektiv rundt dagens forståing av berekraft gjer at artikkelen plasserer seg nærare smoltringøkonomien enn økologisk modernisering.</p>
<p>Mies, A., & Gold, S. (2021). Mapping the social dimension of the circular economy. <i>Journal of</i></p>	<p>Den sosiale dimensjonen av berekraft blir spesielt relevant innanfor den sirkulære økonomien på grunn av behovet for nært samarbeid og gjensidig avhengigheit mellom fleire aktørar utover</p>	<p>Artikkelen har element av økologisk modernisering sidan den vektlegg likestilling mellom dei tre berekraftsdimensjonane og ser</p>

Dokumentasjonsnotat for utval av litteratur til artikkelen «Frå sirkulær økonomi til nyskapinga berekraftig sirkulær økonomi for å redusere ressursuttak, klima- og miljøutslepp» skriven av Hans Jakob Walnum, Vestlandsforskning.

<p><i>Cleaner Production</i>, 321, 128960.</p>	<p>tradisjonelle forsyningskjede- eller nettverksrelasjonar.</p> <p>Artikkelen peiker på at kritiske diskusjonar om sirkulærøkonomiens teoretiske grunnlag, som integrering av og bidrag til berekraftig utvikling, ikkje har funne stad. Sidan den sirkulære økonomien blir sett på som ein drivar for overgangen til eit verkeleg berekraftig økonomisk system, må den forståast som ein integrert del av samfunnet.</p> <p>For å fange opp kompleksiteten i berekraft, oppfordrar artikkelforfattarane til ei meir mangfaldig vurdering av den sosiale dimensjonen i den sirkulære økonomien, å integrere ulike interessentgrupper og vurdere fleire sosiale dimensjonar ut over dei lett målbare sosiale faktorane som er direkte knytt til dei økonomiske eller økologiske berekraftsdimensjonane. Til sjuande og sist må den sirkulære økonomien forståast som ein integrert del av samfunnet og økosystemet den er innebygd i. Ei meir verdibasert, normativ tilnærming til sirkulær økonomi, snarare enn profittdreven, kan vere nødvendig for overgangen til eit verkeleg berekraftig økonomisk system.</p>	<p>samarbeid som eit viktig moment for å oppnå sirkulær økonomi. Likevel peiker den på ein kritikk i konklusjonen om å stille spørsmål ved profittdrivne mål, og dette gjer at bidraget kan plasserast opp mot smoltringøkonomien.</p>
<p>Thakker, V., & Bakshi, B. R. (2021). Designing Value Chains of Plastic and Paper Carrier Bags for a Sustainable and Circular Economy. <i>ACS Sustainable Chemistry & Engineering</i>, 9(49), 16687-16698.</p>	<p>Artikkelen tek for seg korleis berekraftige, sirkulære økonomiske verdikjeder kan optimaliserast for å handtere bereposar innan tre ulike scenario: «business-as-usual», samfunnsending, og teknologiske endringar. Desse scenarioa blir berekna utifrå ulike optimaliseringsmodellar som inneheld langt fleire dimensjonar enn i livssyklusberekningar (LCA) for å ta høgde for berekraftig sirkulær økonomi. Artikkelen finn at det er eit stort betringspotensial i alle scenarioa sett i høve berekraftig sirkulær økonomi.</p> <p>Forfattarane konkluderer med at dei ikkje finn ein optimal posetype eller strategi for handtering etter bruk frå dei tilgjengelege alternativa, altså ein som kan tilfredsstille alle måla i berekraftig sirkulær økonomi. Forfattarane peiker på at den utvikla metoden kan sjå identifisere betringpunkt innanfor verdikjedene som har størst omfang, for dermed å gje høve til framtidig forskning.</p>	<p>Sett opp eit avansert rammeverk for å analysere val av papir- og plastposar med tanke på berekraftig sirkulær økonomi. Artikkelen viser at når det kjem til val av produkt og ulike framtidsscenario, må ein gjere verdival i prioriteringar kva ein vektlegg av miljømessige påverknad. Studien kan seiest å vere mest i tråd med økologisk modernisering. Det utvida rammeverket peiker i retning av smoltringøkonomien.</p>
<p>Sanches, J. R., Trevisan, A. H., Seles, B. M. R. P., Castro, C. G., Piao, R. S., Rozenfeld, H., & Mascarenhas, J. (2022). Sustainable circular economy strategies: an analysis of Brazilian corporate sustainability reporting. <i>Sustainability</i>, 14 (10), 5808.</p>	<p>Artikkelen bruker omgrepet «berekraftig sirkulær økonomi», som inneber at sirkulær økonomi bør prioritere sosial velvære, miljøkvalitet og økonomisk velferd og dermed vere ein berekraftig sirkulær økonomi. Forfattarane utviklar eit rammeverk for korleis verksemdar kan jobbe med berekraftig sirkulær økonomi.</p> <p>Berekraftsrapportering er for tida standarden for bedrifter for å måle tiltak og mål innan berekraft. For utvikling av berekraftsrapportering, må verksemdar strengt følge metodane til «Global Reporting Initiative (GRI)», «Sustainability Accounting Standards Board (SASB)» og «Integrated Reporting (IR)».</p>	<p>Metodisk utvikling ved å kople saman indikatorar for berekraft med sirkulær økonomi og selskapsrapportering, tilhøyrer økologisk modernisering fordi bidraget har fokus på utvikling av metodar og er ikkje er grunnleggande kritisk til dagens forståing av sirkulær økonomi.</p>

Dokumentasjonsnotat for utval av litteratur til artikkelen «Frå sirkulær økonomi til nyskapinga berekraftig sirkulær økonomi for å redusere ressursuttak, klima- og miljøutslepp» skriven av Hans Jakob Walnum, Vestlandsforskning.

	<p>Sirkulær økonomi-litteraturen er først og fremst retta mot resirkulering og gjenbruk. Berekraftslitteraturen er hovudsakeleg retta mot å fange opp ulike miljøpåverknader, til dømes klimagassutslepp, forbruk av vatn, energi og avfall.</p> <p>Artikkelen analyserer femti berekraftsstrategiar for sirkulær økonomi, ein systematisk litteraturgjennomgang, delt inn i ni kategoriar, 51 berekraftsrapportar frå 17 multinasjonale selskap som opererer i Brasil i 2016, 2018 og 2020 blei analyserte for å identifisere bedrifters bruk av desse strategiane.</p> <p>Forfattarane konkluderer med at selskapets berekraftsrapportering peiker på at dei analyserte selskapa rettar betydeleg innsats mot ein berekraftig sirkulær økonomi.</p>	
<p>Melles, G., Wölfel, C., Krzywinski, J., & Opeskin, L. (2022). Expert and Diffuse Design of a Sustainable Circular Economy in Two German Circular Roadmap Projects. <i>Social Sciences</i>, 11(9), 408.</p>	<p>Forfattarane meiner det krevst eit nytt sosioteknisk regime for produksjon og forbruk for å få til ei omstilling i tråd med berekraftig sirkulær økonomi.</p> <p>Artikkelen bygger på ti prinsipp for sirkulær økonomi (henta frå Velentorf og Purnell 2021):</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Fordelaktige, gjensidige straumar av ressursar mellom natur og samfunn. 2. Redusere og frikople ressursbruk. 3. Design for sirkularitet 4. Sirkulære forretningsmodellar for å integrere fleirdimensjonal verdi. 5. Endre forbruket. 6. Innbygarane deltek i berekraftig transformasjon. 7. Koordinert deltaking og endringar på fleire nivå, 8. Mobilisere mangfald for å utvikle ei breidde av sirkulære økonomiløysingar, 9. Legge vekt på å styre utover målet om økonomisk vekst, ha nye mål å styre etter, 10. Sjå på endringar i heilskapen, <p>Sirkulær design i samsvar med desse kritikkane og som eit bidrag til berekraftig utvikling må baserast på desse ti prinsippa og ikkje avgrensast til aktuelle skildringar av sirkulært design som eit sett med teknikkar, for eksempel design for resirkulering eller gjenbruk, utan koplingar til dei sosiotekniske regimeendringane, dvs. det politiske systemet, endring i mål og verkemiddel som vil føre til faktisk berekraft.</p>	<p>Grunnleggande vekstkritisk og opptatt at det må skje omfattande endringar som er i samsvar med smoltringøkomien og motvekst.</p>
<p>Leipold, S., Petit-Boix, A., Luo, A., Helander, H., Simoens, M., Ashton, W. S., ... & Xue, B. (2022). Lessons, narratives, and research directions for a sustainable circular economy. <i>Journal of Industrial Ecology</i>.</p>	<p>Artikkelen tek føre seg ulike posisjonar frå forskarar innan sirkulær økonomi. Den finn tre posisjonar: «optimistane», «reformistane» og «pessimistane». «Optimistane» ser sirkulær økonomi som det mest sentrale verktøyet i omstilling til berekraft. «Optimistane» ser på sirkulær økonomi som den einaste forma for menneskeleg utvikling innafør planeten sine grenser. Følgeleg fokuserer leksjonane på det som trengst for å oppnå sirkulær økonomi, som vanlegvis er ressurseffektivitetspolitikk og forretningstiltak på lokalt eller nasjonalt nivå, t.d. øko-design eller utvida produsentansvar. Politikk har</p>	<p>Meta-teoretisk gjennomgang av ulike synspunkt hos forskarar i diskursen rundt sirkulær økonomi. Gjennomgangen dekkjer implisitt alle dei tre berekraftsteoriane.</p>

Dokumentasjonsnotat for utval av litteratur til artikkelen «Frå sirkulær økonomi til nyskapinga berekraftig sirkulær økonomi for å redusere ressursuttak, klima- og miljøutslepp» skriven av Hans Jakob Walnum, Vestlandsforskning.

	<p>meir påverknad for å få til endring, og påverkar meir enn økonomiske eller tekniske aspekt..</p> <p>«Reformistane» koplar risiko og ulemper knytt til sirkulær økonomi til politikk. Dei identifiserer to hovudbarrierar for sirkulær økonomisk berekraftstransformasjon: (1) motstanden frå status quo-interesser og (2) veksten i ressursforbruk, utslepp og sosio-økonomiske materiallager (infrastruktur, bygningar og produkt). I denne forteljinga er politisk handling og mønster for forbruksproduksjon meir kritiske for sirkulær økonomi-utvikling enn teknologiske framsteg. Likevel må politiske, sosiale og økonomiske endringar forutsjå og dempe grønvasking, rebound-effektar og skifte av miljøproblem mellom land og i livsløpsfasar.</p> <p>«Pessimistane» stiller spørsmål ved nytteverdien av sirkulær økonomi for berekraftstransformasjonar og forventar at konseptet fungerer som ei unnskyldning for «business-as-usual» eller opnar moglegheiter for akselerert ressursforbruk ved å fremme økonomisk vekst. Vidare vil ei slik endring ikkje vere ein «ekte» sosial transformasjon. Ut frå denne forteljinga krev overgangen til sirkulær økonomi ei reorientering av det noverande sosioøkonomiske systemet, for eksempel til motvekst og nye mål og indikatorar for å styre.</p> <p>Etter gjennomgangen av ulike posisjonar konkluderer artikkelen med at det finst eit behov for å bli einige om kva som kjenneteiknar ein berekraftig sirkulær økonomi. Det er eit behov for å reflektere over dei overordna måla, definisjonane, grensene, prinsippa og praksisane. Det er vidare behov for å vurdere dei miljømessige, økonomiske og sosiale kostnadene og fordelane ved sirkulær økonomi-strategiar og måtar å distribuere dei på. Det trengst betre oppfølging og overvaking av implementering av sirkulær økonomi til avgjerdstaking og for å minimere forskyvinga av problem mellom livsløpsfasar eller rebound-effektar.</p>	
<p>Bjørnstad, E., & Grande, J. (2021). Exploring the entrepreneurial landscape and systemic barriers of circular business models. In <i>Research Handbook of Innovation for a Circular Economy</i> (pp. 183-194). Edward Elgar Publishing.</p>	<p>Forfattarane startar med å stille spørsmål rundt det faktum at dagens globale økonomi blir endå mindre sirkulær. Artikkelen peiker på at det finst både fysiske og systemiske problem som utgjer grunnleggande utfordringar for overgangen til ein sirkulær økonomi, som er underkommuniserte, kanskje til og med misforståtte, i forskinga og politisk debatt om sirkulær økonomi.</p> <p>Forfattarane argumenterer for at ekte berekraftsorientert (grøn) forretningsmodellar ikkje fungere innanfor ein vekstorientert økonomisk marknadskontekst. Frå eit makroperspektiv vil ein økonomisk logikk som tek var på ressursar (og dermed eksergi), vil generere mindre total økonomisk verdi, og er difor i fundamental konflikt med vekstimperativet. Å bryte dette krev ikkje berre innovasjonar på forretningsnivå, men også, og meir grunnleggande sett, ein radikal revisjon av «det</p>	<p>Artikkelen ser fokuset på økonomisk vekst som hovudårsaken til at dagens samfunn ikkje er meir sirkulært, og peiker på temodynamiske prinsipp som årsak til at ikkje vekst let seg kople fri frå ressursutak og miljøproblem. Artikkelen plasserer seg difor nærast motvekst-perspektivet.</p>

Dokumentasjonsnotat for utval av litteratur til artikkelen «Frå sirkulær økonomi til nyskapinga berekraftig sirkulær økonomi for å redusere ressursuttak, klima- og miljøutslepp» skriven av Hans Jakob Walnum, Vestlandsforskning.

	<p>økonomiske spelets reglar Dei peiker på at frå diskusjonen om entropi-lova, at ein slik økonomi nødvendigvis må generere mindre økonomisk aktivitet enn ein vekstøkonomi. Økonomien må fokusere på å tilfredsstille sentrale samfunnsbehov (minimale eksergiutgifter) i staden for å maksimere økonomisk verdi, og det må sikre ei rettferdig fordeling av jobbane og den økonomiske verdien som blir skapt.</p> <p>Artikkelen konkluderer med at statleg politikk, støttesystem og andre aktørar spelar ei avgjerande rolle, ikkje berre i å dytte enkeltbedrifter mot sirkulær økonomi, men også når det gjeld å legge til rette for dei meir radikale endringane som trengst i industrielle og entreprenørielle økosystem.</p>	
<p>Marjamaa, M., Salminen, H., Kujala, J., Tapaninaho, R., & Heikkinen, A. (2021). A sustainable circular economy: Exploring stakeholder interests in Finland. <i>South Asian journal of business and management cases</i>, 10(1), 50-62.</p>	<p>Tidlegare forskning har vist at ein systemisk overgang frå ein lineær økonomi til ein sirkulær økonomi krev samarbeid med aktørar på tvers av alle nivå i samfunnet. Likevel er aktørinteressar i sirkulær økonomi lite utforska. Føremålet med denne artikkelen var å kartlegge ulike aktørars synspunkt på berekraftig sirkulær økonomi i Finland.</p> <p>Studien viste også at aktørar forfølger sine egne sirkulærøkonomiske interesser så vel som felles interesser for å fremme berekraftig sirkulær økonomi i Finland. Meir spesifikt viste studien at økonomiske, økologiske og lokale sosiale perspektiv knytt til berekraftig sirkulær økonomi er sterkt vektlagde.</p> <p>Artikkelen peiker på at forståing av aktørars interesser ikkje berre er relevant, men også avgjerande, for å fremme handling og samarbeid som skal til for å realisere berekraftig sirkulær økonomi.</p>	<p>Tek føre seg ulike aktørar og representantar i verdikjeda til sirkulær økonomi, og deira synspunkt på berekraftig sirkulær økonomi. Artikkelen peiker på kor viktig samarbeid er for oppnå ein sirkulær økonomi. Artikkelen er mest i samsvar med økologisk modernisering, og at sirkulær økonomi kan ha innverknad utan omfattande endringar.</p>
<p>Ramirez-Corredores, M. M., Goldwasser, M. R., & Falabella de Sousa Aguiar, E. (2023). Sustainable Circularity. In <i>Decarbonization as a Route Towards Sustainable Circularity</i> (pp. 103-125). Cham: Springer International Publishing.</p>	<p>Dette bokkapittelet diskuterer ulike aspekt ved ein berekraftig sirkulær økonomi, Sirkulær økonomi er ei systemisk tilnærming der miljø, industri/bedrifter og samfunn alle drar nytte av den økonomiske utviklinga. Dermed resulterer ein berekraftig sirkulær økonomi i eit fleirdimensjonalt system som forfølger den beste miljøkvaliteten, menneskeleg velferd og økonomisk framgang, for noverande og framtidige generasjonar. Alle desse kan ikkje oppnåast gjennom berre sirkulær økonomi, det må en berekraftig sirkulær økonomi til.</p> <p>Artikkelen tek føre seg forretningsmodellar. Berekraftig sirkulær økonomiske forretningsmodellar inneber materialeffektivitet og materialstyring, investeringar i ressursar og energieffektive prosessar, prioritering av energisparing, sikre attvinning og ombruk av kritiske og ikkje-fornybare materiale, og innlemming av teknologiar for karbonlangring og ivaretaking av karbon.</p>	<p>Artikkelen er mest i tråd med økologisk modernisering, sidan den ikkje er kritisk til dagens praksisar. Artikkelen peiker på at berekraftig sirkulær økonomi er knytt til dei tre berekraftsdimensjonane: miljø, økonomi og sosial berekraft.</p>

Dokumentasjonsnotat for utval av litteratur til artikkelen «Frå sirkulær økonomi til nyskapinga berekraftig sirkulær økonomi for å redusere ressursuttak, klima- og miljøutslepp» skriven av Hans Jakob Walnum, Vestlandsforskning.

Tabell 2 Utvald litteratur etter gjennomgang av abstract

Forfattere og år	Relevans	Tatt med ja eller nei	Fortolking
1. Velenturf, A. P., & Jopson, J. S. (2019). Making the business case for resource recovery. <i>Science of the Total Environment</i> , 648, 1031-1041.	Relevant siden det går inn på innhaldet i omgrepet bærekraftig sirkulær økonomi	Ja	Studie med fortolking av innhaldet i omgrepet
2. Haupt, M., & Hellweg, S. (2019). Measuring the environmental sustainability of a circular economy. <i>Environmental and Sustainability Indicators</i> , 1, 100005.	Relevant siden det går inn på innhaldet og korleis måle i bærekraftig sirkulær økonomi	Ja	Studie som legg vekt på å finne metode for å måle berekraftig sirkulær økonomi
3. Van Fan, Y., Lee, C. T., Lim, J. S., Klemeš, J. J., & Le, P. T. K. (2019). Cross-disciplinary approaches towards smart, resilient and sustainable circular economy. <i>Journal of cleaner production</i> , 232, 1482-1491.	Funne relevant i abstract utelaten etter fulltekst gjennomgang siden artikkel ikkje går inn å forklarar omgrepet bærekraftig sirkulær økonomi.	Nei	Utelaten etter fulltekst gjennomgang.
4. Velenturf, A. P., Archer, S. A., Gomes, H. I., Christgen, B., Lag-Brotons, A. J., & Purnell, P. (2019). Circular economy and the matter of integrated resources. <i>Science of the Total Environment</i> , 689, 963-969.	Relevant siden det går inn på innhaldet i bærekraftig sirkulær økonomi til forskjell frå sirkulær økonomi	Ja	Relevant sidan den går inn på innhaldet i omgrepet sirkulær økonomi
5. Nilsen, H. R. (2020). The hierarchy of resource use for a sustainable circular economy. <i>International Journal of Social Economics</i> , 47(1), 27-40.	Relevant siden det går inn på innhaldet i bærekraftig sirkulær økonomi i forholdet til orginal fortolking av ressurs- hierarkiet	Ja	Relevant sidan den går inn på innhaldet i omgrepet sirkulær økonomi
6. Momete, D. C. (2020). A unified framework for assessing the readiness of European Union economies to migrate to a circular modelling. <i>Science of the Total Environment</i> , 718, 137375.	Relevant siden det går inn på innhaldet i bærekraftig sirkulær økonomi	Ja	Ser på implementeringutfordringar for sirkulær økonomi og koplar omgrepet til berekraftsforståing.
7. Maitre-Ekern, E. (2021). Re-thinking producer responsibility for a sustainable circular economy from extended producer responsibility to pre-market producer responsibility. <i>Journal of Cleaner Production</i> , 286, 125454.	Relevant går inn i omgrepet og definerer kva forskjellen er i høve vanleg sirkulær økonomi	Ja	Går inn og forklarar konkret kva bærekraftig sirkulær økonomi inneber til forskjell frå vanleg sirkulær økonomi
8. Thakker, V., & Bakshi, B. R. (2021). Toward sustainable circular economies: A computational framework for assessment and design. <i>Journal of Cleaner Production</i> , 295, 126353.	Relevant går inn i omgrepet og definerer kva forskjellen er i høve vanleg sirkulær økonomi	Ja	Utviklar metode for å identifisere bærekraftig sirkulær økonomi til skilnad frå sirkulær økonomi
9. Velenturf, A. P., & Purnell, P. (2021). Principles for a sustainable circular economy. <i>Sustainable</i>	Relevant går inn i omgrepet og definerer kva forskjellen er i	Ja	Utviklar eit råmeverk for å bærekraftig sirkulær økonomi

Dokumentasjonsnotat for utval av litteratur til artikkelen «Frå sirkulær økonomi til nyskapinga berekraftig sirkulær økonomi for å redusere ressursuttak, klima- og miljøutslepp» skriven av Hans Jakob Walnum, Vestlandsforskning.


<i>Production and Consumption</i> , 27, 1437-1457.	høve vanleg sirkulær økonomi		
10. van der Velden, M. (2021). 'Fixing the World One Thing at a Time': Community repair and a sustainable circular economy. <i>Journal of cleaner production</i> , 304, 127151.	Relevant går inn i omgrepet og definerer kva forskjellen er i høve vanleg sirkulær økonomi	Ja	Ser på kva reprasjon betyr i høve berekraftig sirkulær økonomi
11. Velenturf, A. P. (2021). A framework and baseline for the integration of a sustainable circular economy in offshore wind. <i>Energies</i> , 14(17), 5540.	Relevant går inn i omgrepet og definerer kva forskjellen er i høve vanleg sirkulær økonomi	Ja	Ser på verdikjeda for vindmølle for å peike på korleis ei vurdering av berekraftig sirkulær økonomi bør vere
12. Mies, A., & Gold, S. (2021). Mapping the social dimension of the circular economy. <i>Journal of Cleaner Production</i> , 321, 128960.	Relevant går inn i omgrepet og definerer kva forskjellen er i høve vanleg sirkulær økonomi	Ja	Understrekar viktigheta av å ta med den sosiale dimensjonen av berekraft.
13. Thakker, V., & Bakshi, B. R. (2021). Designing Value Chains of Plastic and Paper Carrier Bags for a Sustainable and Circular Economy. <i>ACS Sustainable Chemistry & Engineering</i> , 9(49), 16687-16698.	Relevant går inn i omgrepet og definerer kva forskjellen er i høve vanleg sirkulær økonomi	Ja	Utviklar metode for å identifisere berekraftig sirkulær økonomi til skilnad frå sirkulær økonomi
14. Sanches, J. R., Trevisan, A. H., Seles, B. M. R. P., Castro, C. G., Piao, R. S., Rozenfeld, H., & Mascarenhas, J. (2022). Sustainable circular economy strategies: an analysis of Brazilian corporate sustainability reporting. <i>Sustainability</i> , 14(10), 5808.	Relevant går inn i omgrepet og definerer kva forskjellen er i høve vanleg sirkulær økonomi	Ja	Ser på samanhengen mellom berekraftig sirkulær økonomi og berekraftsrapportering, og lager eit rammeverk for å kople desse.
15. Cordisco, A., Melloni, R., & Botti, L. (2022). Sustainable Circular Economy for the Integration of Disadvantaged People: A Preliminary Study on the Reuse of Lithium-Ion Batteries. <i>Sustainability</i> , 14(13), 8158.	Funne relevant i abstract. Men etter gjennomgang av fulltekst artikkel er det utelaten siden den ikkje har gått inn i omgrepet berekraftig sirkulær økonomi.	Nei	Utelaten etter fulltekst gjennomgang.
16. Melles, G., Wölfel, C., Krzywinski, J., & Opeskin, L. (2022). Expert and Diffuse Design of a Sustainable Circular Economy in Two German Circular Roadmap Projects. <i>Social Sciences</i> , 11(9), 408.	Relevant fordi den har gått inn i djupna på innhaldet i berekraftig sirkulær økonomi.	Ja	Lager eit rådeverk for å skille ut kva som er berekraftig sirkulær økonomi
17. Leipold, S., Petit-Boix, A., Luo, A., Helander, H., Simoens, M., Ashton, W. S., ... & Xue, B. (2022). Lessons, narratives, and research directions for a sustainable circular economy. <i>Journal of Industrial Ecology</i> .	Relevant fordi den går inn på kva berekraftig sirkulær økonomi inneber.	Ja	Lager eit rammeverk for å kva som er berekraftig sirkulær økonomi.
18. Bjørnstad, E., & Grande, J. (2021). Exploring the entrepreneurial landscape and systemic barriers of circular business models. In <i>Research</i>	Relevant fordi den går inn på kva ein meir berekraftig sirkulær økonomi inneber.	Ja	Går inn å forklarar korleis omgrepet berekraftig sirkulær økonomi skil seg frå vanleg sirkulær

Dokumentasjonsnotat for utval av litteratur til artikkelen «Frå sirkulær økonomi til nyskapinga berekraftig sirkulær økonomi for å redusere ressursuttak, klima- og miljøutslepp» skriven av Hans Jakob Walnum, Vestlandsforskning.

<i>Handbook of Innovation for a Circular Economy</i> (pp. 183-194). Edward Elgar Publishing.			økonomi, og barrierar for å realisere den.
19. Marjamaa, M., Salminen, H., Kujala, J., Tapaninaho, R., & Heikkinen, A. (2021). A sustainable circular economy: Exploring stakeholder interests in Finland. <i>South Asian journal of business and management cases</i> , 10(1), 50-62.	Relevant fordi den går inn på aktørperspektivet i høve berekraftig sirkulær økonomi.	Ja	Tatt med sidan det analyserer ulike aktørar i verdikjeda synspunkt på berekraftig sirkulær økonomi.
20. Ramirez-Corredores, M. M., Goldwasser, M. R., & Falabella de Sousa Aguiar, E. (2023). Sustainable Circularity. In <i>Decarbonization as a Route Towards Sustainable Circularity</i> (pp. 103-125). Cham: Springer International Publishing.	Relevant fordi den definerer kva berekraftige sirkulære forretningsmodellar inneber.	Ja	Gjev eit konkret innhald til berekraftig sirkulær økonomi.

Web of science

Det er gjort eit søk med søkestreng «sustainable circular economy» «all fields» (sjå figur 1), dette generer 140 treff i Web of Science siste dato for søk er 17.02.2023. «all fields» gjev tilnærma same treff som for eit søk etter «sustainable circular economy» I «Article title, Abstract, Keywords», som gjev 139 treff i Web of Science.



Figur 1 Søkestreng Web of Science.

Det er flest treff innan kategorien «Environmental science» som står for 41,5% av treffa, deretter kjem «Green Sustainable Science technology» med 32,1%, tredje og fjerde kategori er «Engineering Environmental» og «Environmental studies», på femte plass kjem kategorien «Chemistry Multidisciplinary» med 12,9 prosent.

Ser ein på utvikling i år var fyste registreringa med omgrepet i 2016 med 1 treff, med ei gradvis auka fram mot 2019 som hadde 12 treff, 23 treff i 2020, medan det for 2021 og 2022 låg på 47 og 48 treff.

Av forlaga er det Elsevier som har publisert flest artiklar som inneheld omgrepet berekraftig sirkulær økonomi med 56 treff etterfølgt av MDPI med 32 treff, medan Wiley og Springer Nature har ein delt 3. plass med 11 publikasjonar.

Det er gjort ein gjennomgang av alle abstract for å finne fram til relevante artiklar som går inn på innhaldet i omgrepet berekraftig sirkulæreøkonomi. Tabell 1 viser oversyn over vurdering etter å ha lese abstract til artiklane. Tabellen er organisert med dei eldste publikasjonane fyst.

Tabell 3 Oversyn artiklar og bokkapittel som gav treff på "sustainable circular economy" i Web of Science.

Forfattere og år	Relevans	Tatt med ja eller nei	Fortolking
------------------	----------	-----------------------	------------

Dokumentasjonsnotat for utval av litteratur til artikkelen «Frå sirkulær økonomi til nyskapinga berekraftig sirkulær økonomi for å redusere ressursuttak, klima- og miljøutslepp» skriven av Hans Jakob Walnum, Vestlandsforskning.

Lin, Y., Guo, M., Shah, N., & Stuckey, D. C. (2016). Economic and environmental evaluation of nitrogen removal and recovery methods from wastewater. <i>Bioresource technology</i> , 215, 227-238.	Ikkje relevant sidan artikkel ikkje går inn på innhaldet i omgrepet	Nei	Case-study utan fortolkande forklaring av omgrepet
Sheldon, R. A. (2017). The E factor 25 years on: the rise of green chemistry and sustainability. <i>Green Chemistry</i> , 19(1), 18-43.	Ikkje relevant sidan artikkel ikkje går inn på innhaldet i omgrepet	Nei	Case-study utan fortolkande forklaring av omgrepet
Rigamonti, L., Falbo, A., Zampori, L., & Sala, S. (2017). Supporting a transition towards sustainable circular economy: sensitivity analysis for the interpretation of LCA for the recovery of electric and electronic waste. <i>The International Journal of Life Cycle Assessment</i> , 22, 1278-1287.	Ikkje relevant sidan artikkel ikkje går inn på innhaldet i omgrepet	Nei	Case-study utan fortolkande forklaring av omgrepet
Hatzivasilis, G., Fysarakis, K., Soutatos, O., Askoxylakis, I., Papaefstathiou, I., & Demetriou, G. (2018). The Industrial Internet of Things as an enabler for a Circular Economy Hy-LP: A novel IIoT protocol, evaluated on a wind park's SDN/NFV-enabled 5G industrial network. <i>Computer communications</i> , 119, 127-137.	Ikkje relevant sidan artikkel ikkje går inn på innhaldet i omgrepet	Nei	Case-study utan fortolkande forklaring av omgrepet
Lonca, G., Muggéo, R., Imbeault-Tétreault, H., Bernard, S., & Margni, M. (2018). Does material circularity rhyme with environmental efficiency? Case studies on used tires. <i>Journal of Cleaner Production</i> , 183, 424-435.	Ikkje relevant sidan artikkel ikkje går inn på innhaldet i omgrepet	nei	Case-study utan fortolkande forklaring av omgrepet
Litchfield, C. A., Lowry, R., & Dorrian, J. (2018). Recycling 115,369 mobile phones for gorilla conservation over a six-year period (2009-2014) at Zoos Victoria: A case study of 'points of influence' and mobile phone donations. <i>PloS one</i> , 13(12), e0206890.	Ikkje relevant sidan artikkel ikkje går inn på innhaldet i omgrepet	nei	Case-study utan fortolkande forklaring av omgrepet
1. Velenturf, A. P., & Jopson, J. S. (2019). Making the business case for resource recovery. <i>Science of the Total Environment</i> , 648, 1031-1041.	Relevant siden det går inn på innhaldet i omgrepet bærekraftig sirkulær økonomi	ja	Studie med fortolkning av innhaldet i omgrepet
Piezer, K., Petit-Boix, A., Sanjuan-Delmás, D., Briese, E., Celik, I., Rieradevall, J., ... & Apul, D. (2019). Ecological network analysis of growing tomatoes in an urban rooftop greenhouse. <i>Science of the total environment</i> , 651, 1495-1504.	Ikkje relevant sidan artikkel ikkje går inn på innhaldet i omgrepet	nei	Case-study utan fortolkande forklaring av omgrepet
Diani, M., Pievatolo, A., Colledani, M., & Lanzarone, E. (2019). A comminution model with homogeneity and multiplication assumptions for the Waste Electrical and Electronic Equipment recycling industry. <i>Journal of Cleaner Production</i> , 211, 665-678.	Ikkje relevant sidan artikkel ikkje går inn på innhaldet i omgrepet	nei	Metode artikkel utan fortolkande forklaring av omgrepet
Kumar, P., Maharjan, A., Jun, H. B., & Kim, B. S. (2019). Bioconversion of lignin and its derivatives into polyhydroxyalkanoates: challenges and opportunities. <i>Biotechnology and applied biochemistry</i> , 66(2), 153-162.	Ikkje relevant sidan artikkel ikkje går inn på innhaldet i omgrepet	nei	Case-study utan fortolkande forklaring av omgrepet
Sosa-Hernández, J. E., Romero-Castillo, K. D., Parra-Arroyo, L., Aguilar-Aguila-Isaías, M. A., Garcia-Reyes, I. E., Ahmed, I., ... & Iqbal, H. M. (2019). Mexican microalgae biodiversity and state-of-the-art extraction strategies to meet sustainable circular economy challenges: high-value compounds and their applied perspectives. <i>Marine drugs</i> , 17(3), 174.	Ikkje relevant sidan artikkel ikkje går inn på innhaldet i omgrepet	nei	Case-study utan fortolkande forklaring av omgrepet

Dokumentasjonsnotat for utval av litteratur til artikkelen «Frå sirkulær økonomi til nyskapinga berekraftig sirkulær økonomi for å redusere ressursuttak, klima- og miljøutslepp» skriven av Hans Jakob Walnum, Vestlandsforskning.

Müller, K., Zollfrank, C., & Schmid, M. (2019). Natural polymers from biomass resources as feedstocks for thermoplastic materials. <i>Macromolecular Materials and Engineering</i> , 304(5), 1800760.	Ikkje relevant sidan artikkel ikkje går inn på innhaldet i omgrepet	nei	Case-study utan fortolkande forklaring av omgrepet
